

Trur Noreg kan bli nytt Bosnia

Forfattaren Halvor Fosli meiner Noreg er på veg mot eit nasjonalt samanbrot, og vil avvikle ordningane med kvoteflyktningar, asylinnvandring og familiesameining.

EVA AALBERG UNDHEIM
eva@dagogtid.no

Forfattar og tidlegare forlagsredaktør Halvor Fosli byrja etter migrasjonskrisa i 2015 og 2016 å skrive om følgjene av innvandringa til Europa og Noreg. I dag lanserer han boka *Mot nasjonalt sammenbrudd. Norge i masseinnvandringens tid*, gjeven ut på Document forlag.

– Kva vil du med denne boka?

– Dette er den første boka eg skriv som eg tileignar dei fire barna mine. Eg ønskjer å rette merksemda mot framtida som eg meiner Noreg er på veg mot, og som kjem til å møte dei. Som titelen fortel, meiner eg at Noreg på sikt, med utviklinga vi ser i dag, kjem til å verte svekt som nasjonalstat.

– Kva legg du i det?

– Ikkje at staten kollapsar, for ein stat kan leve med store variasjonar i demografi. Men i nasjonalstata må det i hovudsak vere samanfall mellom nasjonen og befolkninga. Slik har det òg vore i Noreg dei siste tusen åra, sjølv med innvandring. Men medan innvandrarar primært har vorte assimilerte inn i fleirtalsbefolkinga, er tendensen no at det særlig blant ikkje-vestlege innvandrarar dannar seg store grupper som aktivt segregerer seg. For å setje det på spissen trur eg Noreg kan utvikle seg til ein stat som liknar Bosnia, Libanon og Tyrkia, der ulike folkegrupper står steilt mot kvarandre.

– Er det ikkje i så fall manglende integreringspolitikk som har skulda?

– Jau, det vil alltid vere vertslendet – eller det norske folk, politikken, akademiet og media – som har ansvaret for å styre utviklinga. Det er lett å forstå innvandrarar som ønskjer å ta del i større velstand og eit rikare og betre samfunn, samstundes som dei òg vil verne om eigen identitet. Assimilering krev eit aktivt politisk val og har omkostingar.

– Har vi ikkje rom for meir

ulikskap enn at assimilering er svaret?

– Det er i utgangspunktet stort mangfold og mykje ulikskap i eit liberalt demokrati som Noreg. Det som er vanskeleg, er ikkje å skape ulikskap, men samhald, sosial tillit og fellesskap som fungerer.

– Du definerer nordmenn som innbyggjarar som mellom anna «normalt i det minste har et innslag av forfedre født i Norge». Meiner du ein norskfødd person med pakistanske foreldre aldri kan verte nordmann?

– Nei då. Eg brukar omgrepet «inkluderande nasjonalisme», ikkje etnonasjonalisme, og eg meiner at både adopterte og personar som sjølv gjer alt for å verte heilt og fullt del av det norske folket, sjølv sagt må reknast som etniske nordmenn.

– Men du ser det som påfalande at norskfødde muslimar ikkje vel norske namn, og skriv at Shoaib Sultan i Antirasistisk Senter og forfattaren Zeshan Shakar «begge kunne brukt for eksempel Johan som fornavn». Er ikkje det litt mykje?

– Det krev alltid innsats å verte del av eit folk. Det gjeld òg nordmenn som flyttar utanlands. For fyrste generasjon vil det vere vanskeleg å byte nasjonal identitet, men det slaget står om når det gjeld integrering, er andre og tredje generasjon. Der må vi få i gang ein assimilatingsprosess. Eg er uroa fordi Noreg, som inntil 1990-åra var eit homogent samfunn med få konfliktar, tryggleik i det offentlege rommet, ein sivilisert offentleg samtale og eit ytringsklima der ingen vart truga med drap og vald, har endra seg mykje.

– Og du meiner innvandring åleine har skulda?

– Etterkrigssamfunnet Noreg vart meir og meir soshonomisert, humanisert, velstanden auka, vinningskriminaliteten gjekk ned, tilliten var høg. I dag, særleg i Oslo, men òg i større og større grad i heile landet, har vald, vald i nære relasjonar og utrygg-



Foto: Document Forlag

leik blomstra opp på nytt. Det er berre knytt til at vi har importert kulturar frå klansamfunn som ikkje har erfaring med statleg valdsmonopol og ikkje har gått gjennom den same humanistiske og feministiske prosessen som Noreg.

– Ser du ingenting bra med innvandring?

– Det er positive effektar av litt innvandring, og eg er ikkje for eit avstengt Noreg. Men når innvandringa går for raskt og det kjem folk med ikkje berre framandkulturell, men antivestleg bakgrunn, byggjer vi berre opp problem på sikt. Boka er i sum negativ mot innvandringspolitikken i dag, som eg meiner er på feil spor og ikkje berekraftig.

– Innvandringa er jo stramma inn?

– Ja, men med familieinnvandring er innvandringa til Noreg høg også i 2019. Ikkje så høg som i 2015 og 2016, men då var tala oppsiktsvekkjande høge. Tidleg i 1980-åra kom det eit par hundre hit i året. Eg meiner vi må tilbake til eit slikt tal. Då må vi om lag stoppe all familieinnvandring, avvikle ordninga med kvoteflyktningar og asylinnvandring og få på plass frivillige returordningar. Noreg bør kunne gje asyl, men det bør vere mellombels og ikkje knytt til familieinnvandring.

– Har ikkje Noreg eit ansvar for å vere med på å berge folk som treng det?

– Jau, men det må gjerast på mest mogleg fornuftig måte, som er å styrke flyktningeleirane i nærområda, som i dag er svært underfinansierte.

– Er det berekraftig at folk skal bu i leiar?

– Om dei bur godt nok der. Det kan òg vere med på å leggje press for å få til endringar i heimlanda. Vi kan ikkje løyse problema i Asia, Afrika og etter kvart òg Sør-Amerika gjennom innvandring. Då kjem dei nordeuropeiske landa på sikt til å verte like uregjerlege som landa mange har flykta frå.

SAMTALEN

Halvor Fosli
forfattar

AKTUELL

Har skrive bok om innvandringa til Noreg og Europa

– Tidleg i 1980-åra kom det eit par hundre hit i året. Eg meiner vi må tilbake til eit slikt tal.